Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom.

Oppskr. av: Aanund Hardang

(adresse): Y. Hjartdal

Fylke: Telemark

Herad: Hjartdal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg har tala med ein mann som no er 88 år og han fortel at dei i hans ungdom bruka å hente heim beit for krötera. Det var serleg geiter som skulle ha beit, men og ungkyr og sau. Det var mest björkrauning og selje som vart bruka.

2. Slik beit köyrde dei heim når dei köyrde heim ved på snöföre om vinteren. Nokon serskilt slede til dette bruk veit ein ikkje om.

3 Det var nok vanleg at ein tok heim vinterved i heile tre og hogg av kvistene - riset for krötera. På vårparten bruka ein og å hente risbjörkeris for kyrne. Det var björk som var mest av kom vart bruka. Dette bruka dei ikkje å finhakke, men gav dyra for seg sjölv. Ein bruka då vanleg lauvkniv til å „rise" med.

Kvigor og ungdyr bruka dei å sleppe ut i beitekosten. Sauene gav ein og gran- og furubar - „Tollebar".

No er det for det meste slutt med denne slags foring. Det einaste er at dei brukar å gjeva sauene bar - gran men furubar.

Noko om å hente beit på langfredag kjenner ein ikkje til som spurt i sp. 7.

5841

Beeb vart brŭka på same måten som ei nemnd fyrst på denne spörjelista (Brom, eit, bromet.
Beitekost, ein, fl. beitekoster
Ris, eit, riset. Laukniv, ein skjörti, ei

5841

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING